

Nord-Fron kommune

Sak

HØYRING - UTKAST TIL NY FORSKRIFT FOR BEHANDLING AV SØKNADER OM ODELSFRIGJERING ETTER ODELSLOVA §§ 30 TIL 32. NYE REGLAR OM AVGJERDSMYNDIGHEIT

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Delegert ref. til utval for landbruks-, utmarks og	015/10	10.09.2010	RTO

Saksansv.: Bjørn Bjørke	Arkiv:	Arkivsaknr.:	10/790
		Journalpost:	10/6532

Vedlegg:

1. Høyringsnotat med utkast til ny forskrift for behandling av søknader om odelsfrigjering etter odelslova §§ 30 til 32, og nye regler om avgjerdsmyndigheit

Utrykte vedlegg:

1. Lov om odelsretten og åsetesretten

Bakgrunn for saka:

Det er ved lovendring 01.07.2009 gjeve heimel i odelslova til å gje forskrift om behandling av odelsfrigjeringssaker etter odelslova §§ 30 til 32. Det er ikkje forskrift på dette område frå før. Landbruks- og matdepartementet har nå sendt ut på høyring forslag til ny forskrift for behandling av søknader om odelsfrigjering, og nye delegasjonsreglar. Høyringsfrist er sett til 1. september, men kommunen har fått utsett frist til 10. september.

Odelsfrigjering er ei oppheving av ein eksisterande odelsrett ved administrativt vedtak, etter ei konkret vurdering. §§ 30-33 i odelslova gir bestemmelser om odelsfrigjering.

Eit viktig mål med forskrifta er å effektivisere og samordne behandlinga av odelsfrigjeringssaker etter odelslova. Det er òg eit mål å korte ned behandlingstida for odelsfrigjeringssøknader, og dermed også odelsløysningssaker. Det blir foreslått endring i delegasjonsreglane som gjeld odelsfrigjeringssaker. Det er forslag om at kommunen skal vurdere og avgjere om det skal tas steg til odelsfrigjering, dvs. om det er grunnlag for å starte ordinær saksførebuing. Vidare er det foreslått at Fylkesmannen skal avgjere søknader om odelsfrigjering etter odelslova §§ 30 til 32, medan Statens landbruksforvaltning skal vere klageinstans. I forslag til ny forskrift skal Fylkesmannen elles avgjere klage over kommunen sitt vedtak om ikkje å ta steg til odelsfrigjering.

I dag er kompetansa til å avgjere søknader om odelsfrigjering fordelt på fleire organ. Når ein ser bort frå saker etter odelslova § 31 (ervert av tilleggsareal til landbrukseigedom), kor

fylkeslandbruksstyret har avgjort spørsmålet om odelsfrigjering, er avgjerdsrett lagt til eit høgare nivå (m.a. fleire departement).

Kommunen gir i dag berre uttale dersom Fylkesmannen etter ei førebels vurdering kjem til at søknaden skal realitetsbehandlast. Reglane om kommunen si innleiande behandling er difor nye.

Etter forslaget skal kommunen vurdere om dei grunnleggjande formelle vilkår for odelsfrigjering er oppfylt og varsle tingretten når det blir teke steg til odelsfrigjering. Det framgår i forskrifta kva vilkår kommunen skal ta stilling til når den vurderer om det skal tas steg til odelsfrigjering. Reglane er utforma slik at denne vurderinga skal gjerast raskt. Dette fordi stansing av ei løysingssak ikkje bør skje med mindre det er lovleg adgang til å odelsfrigjere.

Det er foreslått at søknad om odelsfrigjering må setjast fram innan to månader rekna frå stevning i løysingssaka også når det blir søkt om odelsfrigjering etter §§ 30 eller 32. Alle odelsfrigjeringssøknader skal sendast kommunen. Dei andre odelsberettiga skal gis frist på ein månad for å gje uttale. Forslaget inneber at det er kommunen som må varsle dei odelsberettiga.

Etter at fristen for dei odelsberettiga til å gje uttale er gått ut, skal kommunen så vurdere dei ulike omsyna og gje uttale til Fylkesmannen til spørsmålet om odelsfrigjering skal skje.

Ifølgje departementet vil endringane som er foreslått ikkje medføre økonomiske konsekvensar for kommunen.

Vurdering:

Det har så langt ein kjenner til ikkje vore saker som gjeld odelsfrigjering i vår kommune. Ein har såleis liten erfaring med slike saker.

Det er positivt at det blir innført forskrift som klargjer og forenkler handlinga av søknader om odelsfrigjering.

Dersom hensikta er å få ei raskast mogleg sakshandsaming av odelsløysingssaker er ein i tvil om det er rett å splitte opp ansvaret for desse arbeidsoppgåvene på fleire forvaltningsnivå. Kommunen vil likevel etter førespurnad kunne bidra med opplysningar.

Ein ser det som naturleg at avgjerdsrett i desse sakene blir lagt til Fylkesmannen, slik det er foreslått i høyringsutkastet.

Nord-Fron kommune har ingen ytterlegare merknader til høyringsutkastet.

Nord-Fron kommune vil elles påpeike at ein ser ei aukande byråkratisering av landbrukssektoren som ein er noko betenkt over. Sjølv om kommunen ikkje får økonomisk belastning av desse sakene kan dei vere ressurskrevjande å følgje opp.

Vedtak:

1. Utifrå ei målsetting om å korte ned saksbehandlingstida i odelsfrigjeringssaker, ser ein det som naturleg at ansvaret for desse sakene blir samla i eitt forvaltningsnivå.

2. Kommunen har eller ingen merknader til høyringsutkastet.

Verksemdsleiar TNE, 14.09.2010

Bjørn Bjørke